

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 18.12.2007 **Tid:** 09:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00

Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

TilleggSAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
112/07	07/1935	AVFALLSPLAN 2007 - 2010

Stad: Ål kommune, dato: 10.12.2007

Anne Kjersti Frøyen
Leiar (s)

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 112/07

Arkivsaksnr: 07/1935

Arkivkode: M65 &30

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
112/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	18.12.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

AVFALLSPLAN 2007 - 2010

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Samandrag av "Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010".

Dokument i saka:

Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010.

Saksopplysningar:

Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010 er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med Svein Eide, Kommunalteknisk avdeling Gol kommune, Audun Aasheim, Ordførar i Nes kommune, Birger Sorteberg/Leif Ove Sataslåtten, dagleg leiar i Hallingdal renovasjon (HR) og Kjell Mykkeltvedt, miljøvernleiar Hol kommune.

Planen har vore lagt ut til høyring, m.a. i kommunane.

Arbeidsgruppa har innarbeidd høyringsuttalene i planen så langt som det let seg gjera. Planen er utarbeidd på grunnlag av internasjonale, nasjonale og lokale rammekrav.

Det er utført ei brukarundersøking av renovasjonstenesta i Hallingdal som syner at folk er rimeleg tilfreds med tenesta – avvik er tatt omsyn til i den nye planen.

Kommunane har ikkje lengre ansvar for næringsavfall, slik at planen i stor grad berre omfattar hushaldsavfall.

Hallingdal renovasjon har 23.789 privatabonntar – 9031 husstandar og 14758 hytter.

I Ål kommune er det 2181 husstandar og om lag 2200 hytter.

Husstandane i tettbygde strok har **hentesystem** som består av eit sekkestativ til restavfall, ein plastboks for papir, ein for glas/metall og ein for farlig avfall.

Husstandar i spreidd busetnad og hytter har **bringesystem** der avfall vert levert til konteinar eller returpunkt. Det er i tillegg etablert eit lokalt bemanna avfallsmottak i kvar av kommunane. Hallingdal renovasjon tok i mot 20.500 tonn avfall i 2005.

I forureiningslova er det nå i høve til avfallsgebyr nye krav om full kostnadsdekking og oppfordring om bruk av differensierte gebyr for å fremje kildesortering og redusert avfallsgenerering.

Avfallsplanen bygger vidare på noverande ordning. Overordna målsetting er:
”Det skal arbeides for redusert avfallsgenerering. Alt avfall som produseres i eller innføres til planområdet, skal disponeres på en slik måte at hensynet til helse, miljø, naturressurser og samfunnsøkonomi er best mulig ivarettat”.

Forslag om delmål finn ein i vedlagte samandrag.

Forhold til overordna plan:

Planen er i tråd med nasjonale mål og overordna planar i kommunen.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Planen ivaretek miljøomsyn betre enn tidlegare. Ei betre kildesortering til materialattvinning ville styrka planen sin miljøprofil. Etablering av Hallingdal trepellets gir forbrenningsanlegget og avfallshandteringa ein mykje betre miljøprofil enn tidlegare.

Økonomiske konsekvensar:

Om tilrådde tiltak i planen vert gjennomført vil det føre til ein auke i renovasjonsgebyret med ca 100 kr i året pr. abonnent. Oppretting av tilsynsordning for bedrifter, fastsetting av forskrifter og miljøsertifisering vil innebere kostnad for kommunane.

Vurdering:

Planarbeidet har av ulike årsaker tatt lang tid. Kommunane har hatt planen til høyring, og dei ulike innspel er forsøkt ivarettat. For å få vedtatt ein felles plan er det viktig at kommunane nå vedtar planen slik den ligg. Om det blir store avvik i vedtaka må planen tilbake for ny behandling. Det vil difor vere gunstig om kommunar som har andre meiningar vedtar planen, men eventuelt lagar tillegg i vedtaket der ein ber at avvik vert utgreidd eller behandla ved neste rullering. Det skjer mykje på avfallsfronten nå, og arbeidet med å rullere planen bør startast i 2009 slik at kommunane får vedtatt ny plan innan utgangen av 2010 (planen sin gyldigheitsperiode).

Hausten 2006 starta pelletsfabrikken opp i Kleivi. Etter brannen reknar ein med å vere i drift att på nyåret. Pelletsfabrikken nyttar overskotsvarme frå avfallsanlegget til energiproduksjon ved å lage trepellets. Dette gjer at avfallet nå går til energiattvinning. Dette er mykje meir miljøvenleg enn tidlegare. Det betyr òg at avfall som tidlegare vart kildesortert og sendt til energiattvinning andre stader i staden kan brukast til energiproduksjon i avfallsanlegget i Kleivi.

Dei viktigaste endringar i planforslaget med vurdering(kulepunkt):

Generelt søkjer ein å få mest mogleg samanfallande forskrifter, gebyr og differensieringsordningar innan heile Hallingdal.

- Dette gjer det enklare for publikum å nytte ordninga. Det vil vere ei føremon ved eventuell felles gebyrinnkreving. Gebyra er i dag relativt like i heile dalen med enkelte unntak (litt høgare enn landsgjennomsnittet).

Opprette tilsynsordning for næringsavfall i den enkelte kommune eller felles for fleire kommunar, samt fastsette forskrift om gebyr ved tilsyn av næringsavfall.

- Må gjerast av kommunen og er eit prioritert tiltak.

Kommunane bør gå foran som gode døme og stille miljøkrav. Kommunane og Hallingdal renovasjon bør miljøsertifiserast minst som ”miljøfyrtårn”- standard eller ISO standard.

- Bra tiltak og Ål kommune har allereie begynt å sjå på slik sertifisering og har nokre bedrifter som er med på ordninga.

Auka informasjon for å redusere avfallsmengda og auka kildesortering.

- Positivt.

Utsetting av nye returpunkt for betre tilgjenge.

- Ei oppgradering av konteinrar og fleire returpunkt trengs. Det er viktig at tømefrekvens i høgtidene kan aukast da det stadig er klager over fulle konteinrar og søppelhaugar ved sida av konteinaren. Informasjonen skal betrast.

Lukestorleiken på konteinarane skal vurderast for å unngå at ulovleg avfall vert kasta i konteinar.

- Dette er bra, men vanleg avfallssekk må kunne få plass slik at desse ikkje vert plassert utom konteinaren.

Ved store byggeprosjekt og nye reguleringsplanar må HR få planane for å sjå etter at avfallshandteringa er god.

- Dette er eit bra tiltak. Kommunane bør òg legge inn rutinar i all planlegging for å sikre dette punktet.

Utvida åpningstid ved lokale avfallsmottak.

- Det gjer det enklare å levere avfall og gir mindre forsøpling.

Papir.

- Med noverande innsamling set ein så store krav til papirkvalitet at visse fraksjonar ikkje kan leverast. I planperioden vil HR søke å få til ein ordning der ein kan ta i mot eit breiare spekter av papir og slik sett auke attvinningsgraden.

Glas.

- Mange abonnentar har ikkje plass til glas i innsamlingsboksane. HR har ikkje avtale med transportøren om å ta med glas som settes utanfor beholderen. Abonnentane blir difor vist til å levere ekstra glas ved lokale mottak. HR bør innarbeide ein ordning med renovatøren der ekstra glas ved avfallsdunken tas med ved neste avtaleforhandling.

Innsamling av plastemballasje.

- Denne fraksjonen er grundig vurdert. Innsamla plastemballasje blir i Noreg i dag brukt til ca 50 % energigjenvinning og 50 % materialgjenvinning. Innsamla plastemballasje i Hallingdal vil derfor i stor grad bli kildesortert for så å bli sendt til energiattvinning. Ved HR utnyttes nå all varmen til pelletsproduksjon. Den nye pelletsfabrikken er et moderne anlegg med høy utnyttning av energien og høy kvalitet på pelletsen. Mest truleg vil me få ein betre energiutnytting i Kleivi enn andre stader. Det vil òg vere miljømessig betre å attvinne den lokalt (slepp transport). Dersom plastemballasjen likevel brennes i Kleivi, vil det være mest gunstig å samle den inn med restavfallet. Ved ei slik løysing vil vi tape den "oppdragande" effekten ved kildesortering, men det viktige må være at det blir gjort på beste måte lokalt. Det må informerast godt om at dette foreløpig er ein fullverdig gjenvinning av plastemballasje. Om delen plastemballasje som ein attvinn seinare vert auka, må det vurderast ein innsamlingsordning – helst henteordning.

Det er tilrådd ein bringeordning til lokale mottak for sortering av drikkekartong.

- Drikkekartong attvinn me i stor grad i dag. Det er stort fokus på dette m.a. i TV, og mange etterlyser ordninga i Hallingdal. Sortering av drikkekartong har også ein god "oppdragande" effekt. Avfallsplanen foreslår ein bringeordning der drikkekartong kan leverast på lokale avfallsmottak kombinert med informasjonstiltak. Dette vil ha liten kostnad, men det antas og at innsamlingsprosenten blir låg.

For å auke innsamlingsprosenten bør me ha henteordning ein gong pr måned. Dette er prisa til kr 93 pr abonnent, noko arbeidsgruppa har vurdert som stor kostnad.

HR må undersøkje alternative innsamlingsmoglegheiter for å få prisen ned. Ved akseptabel pris ligg det i planen at HR skal vurdere å innføre henteordning for drikkekartong.

Våtorganisk avfall er tilrådd å kaste i restavfallet som i dag.

- Kjøkkenavfallskverner er vurdert, men er forbode å bruke fra 01.01.07. I fleire av kommunane er ein og sterkt negativ til slike kverner pga. faren for tette kloakksystem. Organisk avfall er ein ressurs og bør komposterast og brukast til jordforbetningsmiddel. Dette vil gi dyrare innsamling og HR har ikkje i dag komposteringsanlegg for dette. Noverande ordning med "heimekompostering" er positiv og vert anbefalt vidareført i planen.

Planen tilrår å greie ut felles register for kommunale gebyr for alle kommunane.

- Ved å legge innkrevjing av gebyret til HR for alle kommunane kunne all kontakt om avfall gå dit. Ein ville da få samla alt på ein stad, og kommunane slepp mykje arbeid. Det bør og vurderast om ein kan slå saman fleire typar register/innkrevjing som til dømes Hallingdal kraftnett.

Gjennomgang av register for abonnementsforhold i kommunane.

- Positivt da det er skilnad mellom tal registrerte hytter i kommunen og tal abonnentar.

Differensiering av gebyr for hushaldsavfall. Det vert innført moglegheit for to eller fleire abonnentar å få lågare gebyr ved å dele sekkestativ. Kommunane kan gi redusert gebyr ved heimekompostering.

Andre moglegheiter for differensiering kan vurderast.

- Dette er vurdert av arbeidsgruppa og ein har sett at ein kjem veldig lett ut i praktiske problem ved differensiering av gebyr. I kommunane har det vore fremma forslag om ulike differensieringar ved ulike høve. Det bør arbeidast vidare med å sjå på "vettuge" ordningar som er rettvise og fungerer.

Innføring av to gebyrsatsar for fritidsbustader.

Kategori 1.: Hytter og stølar utan innlagt vann og avløp – ca 70 % av dagens gebyr.

Kategori 2.: Hytter/stølar/fritidsleilegheiter med innlagt vatn og avløp – ca 130 % av dagens gebyr.

- Ein finn det urettvist at ei lita hytte inne på fjellet utan veg, vatn, kloakk og liknande skal ha same renovasjonsgebyr som ei topp moderne hytte nær sentrum. Det var vanskeleg å finne gode kriterier å skilje på, men arbeidsgruppa meiner det går eit vesentleg skilje mellom hytter med og utan innlagt vatn/avløp. Desse har ein og oversikt over i arkiva. Dei tilrådde skilnadane er basert på opplysningar frå andre kommunar, men kan justerast etter tal i dei to kategoriene slik at ein får full inndecking av gebyra. Det har vore vurdert å innføre henteordning for hytter i sentrum (særleg Geilo, Hemsedal). Ein ser mange problem med dette, og det vert difor ikkje tilrådd innføring no.

Om ynskjeleg kan kommunane i tillegg innføre egne ordningar, om dette vert avtalt med HR og betalt separat av kvar enkelt kommune.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommune vedtek Avfallsplan for Hallingdal 2007 – 2010.

Avfallsplanen skal rullerast innan 31.12.2010.

I samband med neste rullering av planen og ved etablering av ny avtale med transportør ber Ål kommune om at det:

- vert oppretta ordning der ekstra glas som abonnentane set ved sida av avfallsstativet kan takast med.
- vert arbeidd med å opprette ein henteordning for drikkekartong innanfor økonomisk akseptable rammer.
- vert innført innsamling av plastemballasje om vesentleg større del av innsamla materiale enn i dag kan gå til attvinning.

Rådmannen i Ål, 07.12.2007

Trond Kleppen
rådmann